

## ÅRSMELDING 2016

### KONTROLLUTVALET - OSTERØY KOMMUNE

#### Organisering og møter

Denne rapporten gjeld kontrollutvalet sitt arbeid i tidsrommet 01.01.2016 til 31.12.2016. I denne perioden har utvalet hatt fylgjande samansetjing:

##### Faste medlemmer:

- Atle Reidar Eide (leiar)
- Ole Johannes Mjøs (nestleiar)
- Ann Christin Reigstad
- Audun Mosevoll
- John Tysse

##### Dei fem første varamedlemmene:

- Bjørn Tore Sund
- Veronica Orvedal-Kiil
- Eiliv Veseth
- Vibeke Hanstvedt (vara for Tysse)
- Ragna Thunestvedt (vara for Eide)

Kontrollutvalet er eit lovpålagt tilsynsorgan som er valt av kommunestyret og rapporterer direkte om sitt arbeid til kommunestyret. Kontrollutvalet skal føre løypande tilsyn og kontroll med den kommunale forvaltninga og sjå etter at der er ein forsvarleg revisjonsordning, på vegne av kommunestyret. Kontrollutvalet vedtok i sak 08/16 eit dokument som seier noko om ansvar, oppgaver og organisering av kontrollutvalet.

Frå og med 01.07.2013 er kontrollutvalet sine møter opne på lik linje med andre politiske møter. Utvalet har hatt 4 møter i 2016 og handsama 38 saker inklusiv formaliasaker.


#### Revisjonen og sekretariatstenesta

Den praktiske utføringa av tilsyns- og kontrolloppgåvene ivaretas hovudsakeleg av revisjonen på oppdrag frå kontrollutvalet. Osterøy kommune er medeigar av Nordhordland Revisjon IKS, som er eit interkommunalt revisjonsselskap eigd av dei sju kommunane Austrheim, Fedje, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy.

Sekretariatet er kontrollutvalet sitt operative organ og har som hovudoppgåve å sjå til at dei saker som handsamast av kontrollutvalet er forsvarleg utgreia, og at utvalet sine vedtak vert iverksatt. Nordhordland Utviklingsselskap IKS ivaretar sekretariatsfunksjonen for kontrollutvala i kommunane Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy. Sekretær for kontrollutvala er for tida Tonje Husum Aarland.

#### Saker i 2016

Kontrollutvalet har kalla inn administrasjonen og ordfører for å få naudsynnte opplysningar i aktuelle saker.



### Kontrollutvalet sin uttale til rekneskap og årsmelding

Kontrollutvalet skal gi ein uttale til kommunen sitt rekneskap. Også i 2016 påpeika kontrollutvalet at årsrekneskapen og årsmeldinga var ferdige seinare enn forventa (siste korreksjon kom i møtet), noko som kan ha uheldige ringverknader for revisjonsarbeidet og gjennomgangen til kontrollutvalet. Det er viktig at kommunen heldt seg til dei datoane dei sjølv har satt opp for gjennomgang av årsrekneskapen og årsmeldinga.

Osterøy kommune hadde eit positivt driftsresultat i 2015 på 6,3 mill. kr. Det er lågare enn i 2014, men betre enn i 2013. Driftsinntektene auka med nesten 5% i 2015, mens driftsutgiftene auka med 6%. Det var eit samla mindreforbruk på 2,2 mill. kr jamt fordelt på tenestområda, og kontrollutvalet ser det som viktig at ein får samsvar mellom aktiviteten og dei budsjettrammene som er lagt. Kontrollutvalet peika også på at det bundne fondet for vatn utgjør no 6,7 mill. kr av det samla sjølvkostfondet på 9,2 mill. kr, og at dette må nyttast innan 5 år frå det er opparbeida.

Kontrollutvalet følgde opp i sak 33/16 dei punkta som revisjonen peika på i sin revisjonsrapport nr. 14 – årsrekneskapen 2015. Det kom fram at det gjenstår noko arbeid før alt er følgt opp av kommunen, men kontrollutvalet har inntrykk av at administrasjon tek det på alvor. Kontrollutvalet presiserte i eiga sak 32/16 at bankkontoar som tilhøyrar kommunen skal inn i kommunerekneskapen. Likvidar utanfor rekneskapen gir svakare internkontroll og medfører såleis risiko for feil. Dette er også noko revisjonen og kontrollutvalet har tatt opp tidlegare, og kommunen jobbar for å få dette på plass. Rekneskapen for 2015 tilfredstilte ikkje krava i kommunelova § 48 på dette punktet.

### Forvaltningsrevisjon og selskapskontroll


Utvalet ser på forvaltningsrevisjon som eit nyttig og avgjerande reiskap for at utvalet skal kunne gjere den jobben som ein er sett til. Det er også viktig at rapportane vert nytta aktivt både av administrasjon og politikarar i kommunen, som eit reiskap for å forbetre og kvalitetssikre tenestene. I løpet av 2016 har kontrollutvalet saman med sekretariatet og revisjonen jobba igjennom overordna analyse for å innstille til ein plan for forvaltningsrevisjon og ein plan for selskapskontroll for denne perioden.

Kontrollutvalet handsama plan for forvaltningsrevisjon i sak 06/16. Heradsstyret vedtok følgjande plan for denne kommunestyreperioden i sak 032/17:

- Tenestetilbod til barn og unge med særskilte behov
- Vedtaksoppfølging – har kommunen system som sikrar at vedtak vert følgde opp?
- KOSTRA – kvalitet på rapporteringa frå kommunen
- Barnevern – ressursbruk, sakshandsaming, oppfølging og handsaming
- Miljøplanlegging i kommunen

Kontrollutvalet bestilte i sak 24/16 prosjektplan for forvaltningsrevisjon innanfor barnevernstenesta. Prosjektplanen skal handsamast i kontrollutvalet i løpet av våren 2017 for bestilling av prosjektet.

Plan for selskapskontroll vart handsama av kontrollutvalet i sak 23/16. Heradsstyret vedtok i sak 064/16 følgjande plan for selskapskontroll for denne kommunestyreperioden:



- Osterøy Utvikling AS

#### Oppfølging av revisjon

Kontrollutvalet skal sikre at kommunen har ein forsvarleg revisjon. Revisjonen har vore i fleire utvalsmøter for å orientere om sitt pågåande arbeid og planar for revisjon. Revisjonen har mellom anna lagt fram uavhengighetsærklæring. Revisjonen av årsrekneskapen er tilfredstillande utført etter kontrollutvalet si oppfatning, jf. revisjonsmeldinga til årsrekneskapen datert 27.05.2016 og revisjonsrapport nr. 14 datert 27.05.2016.

#### Andre saker som vart handsama i 2016:

- Orientering om nummerert brev nr. 12
- Orientering om prosjektrekneskapet til Lonevåg skule
- Rolleavklaring – habilitet
- Innspel til saker i kontrollutvalet
- Orientering om nummerert brev nr. 13
- Orientering om bankkontoar utanfor kommunen sitt rekneskap
- Statistikk for klagehandsaming frå Osterøy kommune hos Fylkesmannen
- Orientering om oppfølgingsrutinar på klager på administrative vedtak
- Habilitet i politiske møter
- Orientering om kommunen sin oppfølging av arbeidet kring mottak og intergrering av flyktingar
- Oppfølging av saker i løpet av året
- Orientering om rekneskapsrevisjon 2016
- Aktuelle kurs for kontrollutvalet

#### **Andre kommentarar**

I 2016 deltok fleire av medlemmene på kurs for kontrollutvalsmedlemmer: både kurset som vart arrangert i Knarvik 20. januar. Leiar deltok på NKRF sin konferanse på Gardermoen 3. – 4. februar og leiar-møte for kontrollutvala i Nordhordland 10. juni.

Kontrollutvalet er opptatt av at kommunen har gode rutinar og internkontroll på dei ulike områda. Det er viktig for å sikre innbyggjarane gode tenester og at midlane til kommunen vert forvalta på ein god måte.

Lonevåg 22.02.2017

Atle Reidar Eide

Leiar